Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3 | Fylke: Rogaland
Tilleggsspørsmålnr. 1 – 20 | Herad: Fister
Emne: Brynet | Bygdelag: Halsnöy
Oppskr. av: Johne T. Halsnö | Gard: Halsne
(adresse): Skartveit | G.nr. 22 Br.nr. 6

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Sp. 1. Det vanlige ord for bryne er „Kvadstein" å for å bryne „Kvedjå". Hein er ein haarare å finare stein- eller fjellart sa brûktes på finare betjarn t. d. barberkniv, hövel-tenner o. l. istadenfor Kvadstein. Heinen la man som regel på eit bord e. l. å strauk så betjarnet fram å attende på den.

" 2. No brûkas båe deler, men frå gamalt var det bare natûrstein. Kvar den kom frå har eg ikkje greia på. Den slags stein eller fjellart finst ikkje her rundt, så vidt eg veit. Den blei kjöpt av slike så reiste rundt å selde ljår, elles i Stvgr. å i seinare tid hjå landhandlere for 10 öre eller 3 skjilling st.

" 3. Som regel blir allslags betjarn no slipt, men frå gamall vart all finare verktöi kvest med Kvadstein eller hein.

" 4. I 1850 årene kom skikken her til öya med å slipa ljå, sigd å. l. reiskap. För den tid brûktes bare tynsleljår. Der var smie på kvar gard, kor dette vart gjortt enten av hûs-

4215

bonden sjølv eller ein i grendi så hadde
sers handalag med å tynsle å få passe herd-
sla på ljåen. Far - f. 1836 - fortalte at bestefar
- f. 1797 - ikkje lærte å slipa ljår, men tynsle
kunne han. Han - bestefar - fant snart ut at
den slipte ljåen gjekk lettare i graset enn
tynsleljåen. Var der då godt vyrkje i ljåen
kunne ein brüka den i 6-8 år, for det var ber-
re kvadsteinen så sleit på den.
Ambolten kalltes her for ste.

Sp. 5. Nei, den slags har eg aldrig haurt snakk om.

" 6. Det er högst forskjellig etter som både man-
den å ljåen er. Ein god slåttekar kan gå
ei økt - 3-4 timar - å vel så det, um ljåen
er god millom kvar gong han slipar. Andre
må slipa ein time å 2 imellom. Mykji be-
ror på korleis veiret er, dogg eller turt, å
å um gras å grunn er lett- eller hardbeit.

" 7. Ikkje no så vidt eg veit; men far brüka
altid noko han kallte stråka. Den brü-
ka han å stryke over ljåen etter han had-
de brüka kvadsteinen, for så han meinte
å få finare egg i ljåen. Den var laga
av hart tre, ask, eik eller apaltre,
å på skap så vedlagde rito visar.

" 8. Her tar folk ljåen or orvet når ein sli-
par, utan umsyn til festegreiorne.
Störparten held eggen frå seg når de slipar,
men far, eg å likeins sönone sliper uma.
d.v.s. held eggen mot oss. Elles er det
etter som ein vennr seg til frå fyrst av.

4215

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Sp. 9. Når en kved langorven sett ein orvet i marken på högre sida av seg. Stuttorven derimot sett ein orvet millom bena å sett desse i kors når ein kved denne. Eg skal gjera merksam på, at det er kun karfolk som brukar å slå her, solang der er segn om.

" 10. Vanlegvis brukar ein her å bera kvadsteinen i lumma - bukselumma - spytta på den eller dra den i graset om der er dogg, eller vott gras fyr ein kved. Men fyr - då sarleg i gamal tid då tjösleljåen bruktes, hadde ein altid brynekolk <u>skolp</u> så den her kaltes. Den var laga av tre, hola ut av heilt trestykkje med krok eller bögle av jern så blei fest til livreimen eller bukselinningen bak på högre side.

" 11. Nei, ikkje så eg har häurt fortalt.

Sjå Sp. 10.

" 12-13.
" 14-19. Kan ikkje gje noke svar på desse sp., då eg ikkje har häurt fortall noke um slike ting.

" 20. Ei ålmen regle her, når ljåen slapna (blei dårleg) å kvadsteinen til matte brukast, lydde slik:

Kvede mykje, bite lite.
Kvede mykje bite lite.

4215

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Ritsar av straka – 25–30 cm lang.





4215

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING